



Forsand kommune

Saksframlegg

SAKSGANG		
Saksnr	Utval	Dato
048/15	Kommunestyret	17.06.2015

Arkivkode	Saksbehandlar	Arkivsak/j.post
K1-026	Søren Jensen	14/481 - 37 15/5080

Vedlegg: Dok.dato	Tittel	Dok.ID
07.06.2015	Vedlegg 1 innbyggjarinvolvering sluttrapport.pdf	106921
07.06.2015	26.11.14+Temanotat+- +Økonomiske+rammer+og+konsekvenser+for+en+ny+kommune[1].pdf	106898
07.06.2015	Vedlegg III Premissar for å fortsette som eigen kommune.pdf	106895
07.06.2015	Vedlegg IV Intensjonsavtale.pdf	106896
07.06.2015	Vedlegg V Innbyggjarundersøkinga.pdf	106897

Ny kommunestruktur - status og rapportering

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar oppsummeringa frå styringsgruppa og arbeidet med kommunereforma til orientering.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	26.06.2014	Hjelmeland Kommune	Kommunestruktur felles møte 20/6/14 kl 13.00 Strand
2	I	26.06.2014	Hjelmeland Kommune	Invitasjon til møte om Kommunereforma 20.06.2014
3	U	26.06.2014	Hjelmeland Kommune	Referat frå møte om prosess kring kommunereform
4	I	27.08.2014	Det kongelige kommunal- og moderniseringsdepartemente t	Invitasjon til å delta i reformprosessen
5	I	08.09.2014	Nils Moldøen	Kommunestruktur
7	I	11.09.2014	KS Rogaland	Anmodning om mandat for KS Rogalands arbeid med kommunereform
9	I	26.09.2014	Langsæther Gry Anita	Nytt rundskriv (H- 8/14) til lov 15. juni 2001 nr 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova).
10	U	30.09.2014	Hjelmeland Kommune og Strand kommune	Mandat for prosess kring endring av kommunestruktur. Felles framlegg for Forsand, Strand, Hjelmeland kommune
11	U	30.09.2014	KS Rogaland	Oppmoding om kommunal politisk handsaming av KS sin medverknad i lokale og regionale prosessar i ein kommunereform
12	I	06.10.2014	Hjelmeland Kommune	Invitasjon til drøftingsmøte - Kommunereformprosess
13	U	06.10.2014	Dag Flackè	Invitasjon til drøftingsmøte
14	I	08.10.2014	Hjelmeland kommune	Invitasjon til drøftingsmøte - Kommunereformprosess
15	I	22.10.2014	Hjelmeland kommune	Referat frå drøftingsmøte om kommunesamanslåing
16	I	07.11.2014	Strandbuen	Spørsmål om lukka dører
17	U	24.11.2014	Styringsgruppe	Opplegg til møte onsdag 26.11.14 i styringsgruppen kommunereformprosess Forsand, Hjelmeland og Strand
18	I	30.11.2014	Fylkesmannen i Rogaland	kommunereforma - prosessen i Rogaland
21	I	10.12.2014	Hjelmeland kommune	Innkalling og opplegg for styringsgruppe for kommunestrukturprosess
23	I	28.12.2014	Dag Flackè	Referat frå møte 16.12.2014 I Styringsgruppa for kommunesamanslåing
24	U	06.01.2015	arkiv	Val av tilleggsrepresentant for Forsand kommune i diskusjonen om eventuell ny kommunestruktur med Strand og Hjelmelend kommune
25	I	12.01.2015	Stavanger kommune	Informasjon og invitasjon til å delta i

26	I	25.01.2015	Kyrkjeverge Siv Fossan	ytterligere utredningsarbeid om kommunereformen
27	I	29.01.2015	Strand kommune	Utskift møtebok soknerådet vedr. innspel til kommunestruktur
28	I	06.02.2015	Strand kommune	Innkalling til møte om kommunestruktur
29	I	08.02.2015	Fylkesmannen i Rogaland	Referat fra møte i styringsgruppa 04.02.2015
30	U	25.02.2015	Forsand kommune; Strand kommune; Hjelmeland kommune	Kommunereforma i Rogaland - invitasjon til prosess-samling
31	I	19.03.2015	Ryfylke IKS	Innkalling til seminar og møte om kommunestruktur
32	I	16.04.2015	Hjelmeland kommune	Referat styringsgruppa
33	I	29.04.2015	Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Referat frå styringsgruppemøte for kommunereforma, 15.04.2015
34	I	29.04.2015	Fylkesmannen i Rogaland	Kommunal planstrategi og forholdet til kommunereformen
35	I	19.05.2015	Ryfylke IKS	Skjønstilskot til arbeid med kommunerform
36	I	29.05.2015	Vidar Hoviskeland	Referat styringsgruppa 13. mai
38	I	05.06.2015	Strand kommune ved rådmann	Kommunereforma
				Vedlegg til sak om kommunestruktur

Anna		
Utval	Høyring	Behandling
Eldreråd		
Råd for funksjonsh.		
Arbeidsmiljøutval		

Innleiing

Kommunestyra i Forsand, Hjelmeland og Strand gjorde hausten 2014 vedtak om å gå i drøftingar med dei to nabokommunane for å avklara om det er grunnlag for ei samanslåing av kommunane som ein del av kommunereforma. Det vart sett ned ei styringsgruppe for dialog og utgreiing om ei eventuell samanslåing og danning av ein ny kommune. I gruppa sit ordførar, varaordførar, rådmann og representant frå opposisjonspartia frå kvar av dei tre kommunane. Gruppa er utvida med representantar frå dei tilsette i kommunane.

Målet er at kommunestyra kan gjera vedtak om kommunesamanslåing hausten 2015 slik at det kan skipast ein ny kommune frå 01.01.2018.

Innstillinga i denne saka er likelydane frå rådmennene i Hjelmeland, Strand og Forsand.

Styringsgruppa

Ole Tom Guse (KrF), Margareth Gjose Larsen (Ap), Kåre Oaland (uavh.), Helge Steinsvåg (Ap), Alf Henning Heggheim (Sp), Arild Melberg (KrF), Trine L. Danielsen (H), Håkon Helgøy (KrF), Bjørn Laugaland (Sp), Rådmennene Søren Jensen, Dag Flackè og Jon Ola Syrstad. Dei tilsette er representerte med Laila Espedal (HTV), Stine Neverdahl (HVO), Ingunn Ellertsen (HTV), Inger Wagle (HTV). Vararepresentantane Torborg Kleppa og Bjørn Gisle Lyse har deltatt på enkelte møte.

Utgreiingsarbeid

Rådmennene har på oppdrag frå styringsgruppa gjort utgeiing av ulike tema, mellom anna prinsippa for senterstrukturen og lokalisering av tenestene i den nye kommunen. Dette inngår som del utkastet til intensjonsavtale.

Innbyggerinvolvering

På møtet i styringsgruppa den 26.11.2014 fekk rådmennene i oppdrag å koma med forslag til korleis den vidare prosessen skulle gjennomførast. I samsvar med tilråding frå sentralt hald og erfaringar frå Danmark blei det lagt stor vekt på gjennomføring av ein prosess med involvering av innbyggerane i dei 3 kommunane. Rambøll blei engasjert for å planlegga og gjennomføra ein prosess med innbyggerinvolvering.

Oppsummering frå innbyggerinvolveringa er vedlegg nr 1 i saka.

Styringsgruppa har i seinare møte bestilt fleire utgreiingar som ligg som vedlegg .

Økonominotat er vedlegg nr 2.

Notat om Premissar ved å halde fram som eigne kommunar er vedlegg nr 3.

Utkast til intensjonsavtale er vedlegg nr 4.

Spørjeundersøking

Spørjeundersøkinga syner at det er stort fleirtal for samanslåinga blant innbyggerane i Strand (71 %) mens det er fleirtal mot i Hjelmeland (56 %) og Forsand (64 %). Det er mange av motstandarane som ønskjer ei endring, men med andre kommunar i tillegg, eller i staden for. Legg vi til grunn at gruppa som ikkje har teke stilling til spørsmålet er lik, så er det fleirtal for strukturendring i både Hjelmeland (50 %) og Strand og knapp motstand i Forsand der 45 % er for eigen kommune uansett, mens 43 % er opne for ei endring.

Oppsummerande rapport frå innbyggerundersøkinga er vedlegg nr 5.

Lovar, føresegner, rundskriv

Kommunelova

Inndelingslova

Gjeldande planar, retningsliner og vedtak

Kommunestyret, sak 58/14: 102/14

KS-58/14 Vedtak:

1. Forsand kommune går inn i drøftingar med Hjelmeland kommune og Strand kommune for å avklare om det er grunnlag for samanslåing av kommunane som ein del av kommunereforma, samt så langt mogleg avklare dei utfordringane som er nemnde i utgreiinga. Målet er at kommunestyret kan gjere vedtak i spørsmålet om kommunesamanslåing hausten 2015 slik at ein eventuell ny kommune blir sett i verk frå 01.01.2018.
2. Ordføraren, varaordføraren og rådmannen blir oppnemnde som Forsand kommune sine representantar i drøftingane.
3. Forsand kommune er og open for å forhandle med Gjesdal kommune/ Sandnes kommune og Suldal kommune om event framtidig samanslåing..

KS-102/14 Vedtak:

1. Forsand kommune vil i tillegg til ordfører, varaordfører og rådmann oppnevne en representant fra Høyre sin kommunestyregruppe, til å representere Forsand i diskusjonen om eventuell ny kommunestruktur, med Strand kommune og Hjelmeland kommune.
2. Kåre Oaland frå Høyre blir oppnevnt som ny representant.

Vurdering og konklusjon

Proessen med Innbyggjarinvolvering har vist at det er eit stort informasjonsbehov for at innbyggjarane skal ha eit trygt og godt grunnlag for å ta stilling til framtidig kommunestruktur. I innbyggjarpanela har vi registrert ei endring og eit meir nyansert syn på spørsmålet undervegs.

Resultatet av innbyggjarundersøkinga syner at det i dag er klart fleirtall mot ei samanslåing i Hjelmeland og Forsand og eit tydeleg fleirtall for i Strand.

Det er rådmennene si vurdering at dei respektive kommunane si framtidige evne til å vera ein god og stabil leverandør av dei lovpålagde tenestene til innbyggjarane vil bli styrka ved ei samanslåing og skiping av ein ny større kommune. Ein større kommune vil ha meir utviklingskraft og vera betre i stand til å vera ein aktiv samfunnsutviklar enn ein er med dagens struktur.

Forslag til vedtak:

Kommunestyret tar oppsummeringa frå styringsgruppa og arbeidet med kommunereforma til orientering.

Forsand, 05.06.2015

Søren Jensen
rådmann